

KYRKJELYDSBLAD



ÅMLI
NR. 1

GJØVDAL
PÅSKE 2019

TOVDAL
68. ÅRG.

En bønn er gjemt i hjerteslagets rytme

En bønn er gjemt i hjerteslagets rytme:
Vår Gud! La gleden aldri bli tatt fra oss!
La gleden bringe livet frem til modning
igjennom alt som møter oss på jorden.

Vi ber deg, Gud: La gleden alltid finnes
som en usårlig kjerne i vårt indre!
La gleden fylle våre sinn med jubel
når vårbrudd etterfølger golde dager!

Vi eier del i Kristus-livets rikdom!
Å, hvilken grunn til uopphørlig lovsang!
Vi skal få leve under Nådens hvelving
fra dåpens daggry til vår siste time!

Vi ber deg, Gud: La gleden over livet
få bringe oss tilbake til vår neste,
selv om vi ennå gjemmer oss bak murer
og, blinde for din godhet, går og klager.

Hver stund som hjertet slår, skal bønnen lyde:
Vår Gud, la gleden aldri bli tatt fra oss!
La gleden gi oss kraft, så vi kan leve
for dem som trenger oss vår tid på jorden.

Svein Ellingsen

GOD PÅSKE!

Valets kvalar!

Vi skal igjen feire påske, at Jesus var villig til å lide, døy og stå opp for vår skuld! Påsken var for Jesus den hardaste kampen eit menneske i denne verda nokon gong har utkjempa!

Jesus stod i eit konkret og vanskeleg val! Skulle han ta imot djevelens tilbod om å vinne rikdom, makt og ære i denne verda? Skulle han velje det behagelege og smertefrie i staden for lidning og død? Skulle han velje menneskes gunst i staden for spott og pisking, æra i staden for skamma?

Freistinga til å forlate Guds vilje og veg var særskild konkret for Jesus. Men han visste også at han ville miste både si sjel og Guds rike ved å forlate Guds plan. Han visste at han ville miste heile menneskeslekta!

Bibelen fortel at kampen Jesus kjempa med djevelen i Getsemane var så hard at sveitten hans vart til bloddropar.

Men for din skuld valte Jesus krossen! I Hebrearbrøvet kap. 12 vers 2 står det: «For å få den gleda som venta, heldt han ut på krossen utan å bry seg om skamma». Jesus visste at ved å velje krossen, Guds plan og veg, ville han oppnå ei glede og ei framtid som overgår alt kva denne verda har å by på!

Jesus valte lydnadens og smertens veg. Slik vann han Langfredag fullkomen siger over synda, døden og djevelen og kunne rope det ut frå krossen: Det er fullbrakt! Påskemorgon reiste Gud ham opp frå grava og proklamerte: Sigeren er vunnen! Himmelen har blitt opna for alle som tek imot Jesus og hans fullbrakte verk!

Fastetida og påskeveka utfordrar kvar einskild til å velje: Guds veg eller min eigen veg!

Herren kallar deg til sitt hus, kyrkja, i påska for å vere med å feira det aller største under som har skjedd i vår verd, at Jesus gav sitt liv for oss, at han stod opp på tredje dagen og vant evig siger.

Påska kallar på vår tilbeding og overgjeving til Herren! Tenk at Gud elsker oss så høgt at han ofrar sin eigen son på krossen for at vi skal få del i hans herlege framtid i hans fullkomne rike. For det er resultatet av påska, at alle dei som tek imot Ham, dei gjev han rett til å vere Guds born i all æve. Dei skal i all æve ikkje døy, men få leve evig saman med Herren Jesus Kristus!

Jens Linde
Sokneprest

Den nye soknepresten er på plass



Foto: Arne Homme

I gudstenesta i Åmli kyrkje søndag 20. januar blei den nye soknepresten vår, Jens Linde, innsett i tenesta i Åmli og Gjøvdal sokn. Kallsbrevet frå biskopen blei lese av leiaren i Åmli sokneråd, Kari Hagelia Olstad, og prost Ragnhild Eikeland Floberg foretok innsetjinga elles. Prestane Gunnar Lindtveit og Lars Lauvvik Ørland var også til stades. Sokneprest Jens Linde

presenterte seg sjølv før han heldt preika for dagen. Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi. Kari Hagelia Olstad, Ellinor Oland og Liv Gunvor Ramse ønska soknepresten velkommen til bygda og gav han ei bokpakke. Dei viste også ein biletserie frå dei forskjellige delane av Åmli kommune. Leiaren i Agder og Telemark Bispedømmeråd, Jan Olav Olsen, kom også med ei velkomsthelsing. Mange nytta høvet til å helse på den nye soknepresten.



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Tradisjonen tru vil alle som bur innanføre Åmli kommunes grenser få besøk av ein eller to av årets konfirmantar.

I år kjem aksjonen til å gå over fleire dagar, frå søndag 7.april til onsdag 10. april. Konfirmantane deltek i landets nest største innsamlingsaksjon, Kirkens Nødhjelps fasteaksjon. Vi ber om at du tar vel imot dei! Har du pengar å avsjå, så vit at dei går til vatn, reint vatn som vil kunne bety liv i staden for sjukdom og død. Har du ikkje kontantar, så kan du vippse eit beløp til 2426. Og opnar du døra og ser ungdommane - og ikkje har pengar å avsjå, gje dei i det minste eit smil og godt ord med på vegen!

Kirkens Nødhjelp er norske kyrkjesamfunn og kyrkjelydar sin eigen nødhjelpsorganisasjon. Etter ein beskjeden start for over 60 år sidan, er den i dag ein av Nordens største bistandsorganisasjonar.

Info frå kyrkjeverje:

Blomsterstell og gravlegater



På kyrkjegardane i Åmli kan vi tilby å overta ansvaret for plantestell på gravstadene.

Dette kan anten betalast forskotsvis årleg, eller det kan opprettast eit gravfond.

Vedtektene for kyrkjegardane i Åmli kommune gir anledning til at det ved innbetaling av ein bestemt sum blir oppretta eit gravfond. Gravfondet blir forvalta av kyrkjeverja. Det innbetalte beløpet med tillegg av renter skal dekke utgifter til vanleg stell av gravstaden for eit tidsrom avgrensa til fredningstida eller festetidas lengde. Avtalen kan ikkje seiast opp i den avtalte perioden.

Dersom det i den avtalte perioden oppstår slike økonomiske forhold at midlane ikkje strekk til, skal kyrkjeverja gi beskjed til festaren eller den som har ansvar for grava. Det er anledning til å auke fondet, slik at det varer ut den avtalte periode. I motsett fall vil vedlikehaldet opphøyre når midlane er brukt opp. Skulle det vere midlar igjen når avtaletida for fondet er ute, blir desse å anvende av Fellesrådet til alminneleg forskjønning av kyrkjegardane. Kyrkjeverja fører eigen rekneskap for kvart fond, som blir revidert kvart år av kommunens revisor. Det blir rekna ei årleg administrasjonsavgift på kr 100,- pr. avtale.

Prisar for sommarstell:

Etablering av nytt gravstell: inkl. sjølvvatningskasse ferdig nedsett:	Kr. 1500,- (Eingongsavgift)
Sommarstell (planting 3 gonger i løpet av sesongen)	Kr. 1250,- pr. år
Sommarstell i dobbel kasse -Etablering av dobbel sjølvvatningskasse	Kr. 1500,- pr. år Kr. 1750,- (Eingongsavgift)

Kontakt

Liv Eikås-Homme

Kyrkjeverje

Tlf: 37 18 52 71 / 941 63 084 e-post: liv.eikas@amli.kommune

Nå kan du gi gåve og offer til Åmli sokn med Vipps!

Dette gjeld ofringar i Åmli og Tovdal kyrkjer, samt om du ønsker å gje ei gåve til soknet.

Vipps nr: 10 61 04

eller søk opp Åmli sokn i appen.

Merk innbetalinga med enten offerformål/dato på gudsteneste eller gåve til soknet.

ÅMLI KYRKJEKONTOR

Opningstider:

Tysdag-torsdag 10.00-14.00

Besøksadresse: Gata 13, 4865 Åmli (*Gamle butikklokala til Garnboden og IAData*)

Postadresse: Postboks 57, 4864 Åmli

Tlf. sentralbord: 37 18 52 70

Tlf. kyrkjevevje: 37 18 52 71 / 941 63 084

Heimeside: www.amli.kyrkja.no

Kyrkjevjevjas telefon er som oftast betjent frå måndag til torsdag frå 09.00-15.00. Opningstidene våre er tysdag til torsdag 10.00-14.00.

Kyrkjekontoret svarar på alle spørsmål om kyrkjelege handlingar og om verksemda i sokna.

Kyrkjevjevja har ansvar for spørsmål om gravferd, gravplassar og bygningar. Under kyrkjevjevjas ansvarsområde er mellom anna også alle tilsette i kyrkjene og på kyrkjegardane, samt økonomien. Velkommen innom!

Namn, telefonnummer og e-post til dei tilsette

Kyrkjevjevje:	Liv Eikås- Homme	37 18 52 71 941 63 084	liv.eikas@amli.kommune.no
Sokneprest:	Jens Linde	37 18 52 72 975 09 035	Jens.linde@sokn.no
Organist:	Salve Kallevig	37 18 52 73 911 00 356	salve.kallevig@amli.kommune.no
Kontorsekretær, kyrkjetenar Åmli og Gjøvdal, trusopplærings- koordinator	Gerd Kallevig	37 18 52 70	gerd.kallevig@amli.kommune.no
Kyrkjetenar	Ellen W.	991 02 821	
Tovdal kyrkje:	Ramse		

AKTIVITETSTILBODET TIL BARN OG UNGE

SKULELAGET HAR NO PAUSE, MEN NYE DATOAR FOR SAMLINGAR TIL HAUSTEN VIL BLI ANNONSSERT NÅR DET STARTAR OPP ATT. ME SJÅAST☺

Babysong har gitt seg for sesongen, men vi startar opp igjen etter haustferien, og ynsker velkomen til alle små med føresette på tysdagar på Menighetscenteret i Åmli. Datoane vil bli annonserte i Min kirkeapp, på Åmli kyrkje sine heimesider og i haustens utgåve av Kyrkjelydsbladet

Årsmelding for Åmli sokneråd 2018

Åmli sokn

Soknerådet har hatt følgjande medlemmer:

Faste medlemmer:

Kari Hagelia Olstad, leiar

Olav Kristian Kleivene, nestleiar og repr. i Fellesrådet

Åsta Synnøve Harstveit Mattingsdal, misjonskontakt, trusopplæringskontakt, diakoniutval

Liv Gunvor Ramse, kasserar, gudsteneste-utval og repr. i Fellesrådet.

Jon Støren

Otto Storbrua

Sokneprest Ragnhild Marie Røstvik /vikarprest Christopher Woie

Sekretær/ kyrkjevevje Liv Eikås Homme

Varamedlemmer:

Linda Merete Dale, KN kontakt(Kirkens Nødhjelp) 1.vara møter fast

Erik Birkedal

Oppgåvene knytt til diakoni er fordelt mellom soknerådsmedlemmene.

Sokneprest Ragnhild Marie Røstvik slutta i stillinga i mars. Det blei halde avskjedsgudsteneste 14.03. Vi er takksame for den tida Ragnhild var prest Ho var nær oss i glede og sorg.

Christopher Woie har vore vikarprest ut 2018.Jens Linde blei tilsett som sokneprest av Bispedømmerådet 25.09.Han tar til i stillinga i januar 2019.

Saker til behandling:

I 2018 har soknerådet hatt 5 møte og behandla 14 saker:

Gudstenesteplan, møteplan, årsmelding og rekneskap 2017, offersøknader, val av leiar og nestleiar, misjonsprosjekt.

Spesielle saker i 2018 har vore: Vidare samarbeid om diakon i prostiet, etablering av valstyre og nominasjonskomité for kyrkjeval i 2019, uttale om prostistruktur, vedtak om deltaking i forsøksordning for felles sokneråd Åmli-Gjøvdal, uttale ved tilsetting av sokneprest.

I tillegg kjem referat og orienteringssaker Sidan kyrkja ikkje lenger er ei statskyrkje, har ein lite med midlar til disposisjon for soknerådet og kyrkja elles. Soknerådet vurderer å etablere ei fast gjevarteneste.

Soknemøtet blei halde 15.04 etter diakonigudstenesta.

Misjonsprosjekt

Soknerådet støtter Normisjon sitt prosjekt i Okhaldhunga i Nepal med ei fast ofring i året.

Vi støtter også Normisjons prosjekt i Senegal med ei fast ofring i året. Ingrid Øi Amlie (frå Åmli) og Einar Amlie er engasjert i dette prosjektet.

Diakoni

Åmli sokneråd deltar i samarbeidet om prostidiakon, ordninga er nå permanent. Svein Schøgren er tilsett som diakon. Kostnaden for Åmli sokneråd er i hovudsak dekt ved ofring. Det er også etablert diakoniutval. Prostidiakonen har eigen årsrapport. Diakoniarbeidet er noko som kjem mange i Åmli til gode.

Aktivitetar dette året:

Årsmøte/ Diakonigudsteneste

Barnas Misjonsdag

Konfirmant – prosjektgudsteneste/ konfirmantfest m/foreldre

Bibeldag/ trusopplærings-gudsteneste

Fastelavensgudsteneste v/ søndagsskulen

Fasteaksjon

Påskekonsert i Tovdal kyrkje langfredag

Friluftsgudsteneste Hovdefjell

Konfirmantgudsteneste

Andakter på ÅPOS annankvar veke v/sokneprest og organist

Grillgudsteneste

Olsokmesse

Søndagsskulens dag

Hausttakkefest i begge kyrkjene, med konfirmantpresentasjon i Åmli

Gullkonfirmantfest – felles med Gjøvdal kyrkjelyd.

Minnegudsteneste - felles med Gjøvdal kyrkjelyd.

Ljosmesse

Julekonsert i Åmli kyrkje v/ Salve Kallevig

3 Gudstenester på ÅPOS, den eine lille julaften.

Skulegudsteneste ved juleavslutning

Julegudstenester i begge kyrkjene.

Besøk hos eldre som jubilerer v/soknerådsmedlemmene

Babysang

Soknerådet ser at det er viktig å ha kyrkjekaffi etter ein del gudstenester.

Konfirmantane og soknerådsmedlemmene deler på ansvaret. Konfirmantane deltar også som ministrantar i gudstenestene.

Vi i soknerådet vil takke alle dykk på kyrkjekontoret som bidrar til alt arbeidet i kyrkjelyden og på gudstenestene.

Vi vil også takke alle frivillige som deler ut Kyrkjelydsbladet og ikkje minst bladstyret. Kyrkjelydsbladet blir delt ut til alle innbyggjarane i kommunen og blir godt mottatt.

Kari Hagelia Olstad
leiar

Årsmelding for Gjøvdal sokneråd 2018

Gjeld frå 1.10.2017-1.10.2018.

Styret i denne perioden i soknerådet:

Leiar Ellinor Oland, nestleiar Elisabeth Harstveit, kasserar Eldbjørg Smeland, sekretær kyrkjeverje Liv Eikås-Homme, styremedlem Gunvor Oland, styremedlem sokneprest Ragnhild Røstvik (Christopher Woie har møtt som vikar ved sjukemelding). 1. varamedlem til styret er Arne Smeland. Gudstenesteutval: Heile soknerådet.

Fellesrådet: Ellinor Oland og Eldbjørg Smeland er faste medlemmer, varamedlemmer Elisabeth Harstveit og Gunvor Oland.

Frå 1.10.17 til 1.10.18 har vi hatt 4 møte i soknerådet, og 1 soknemøte. Vi har behandla 7 saker og diverse orienteringssaker frå soknerådet konstituerte seg i oktober 2016.

Saker: Gudstenesteplan, offersøknader, diakonitenesta, støtte til misjonsprosjekt i Nepal, årsmelding, rekneskap, tilsetjing av ny prest i Åmli fellesrådsområde, prostistrukturen i Agder og Telemark bispedømme.

Elles kan nemnast: Gudstenesteforordninga i Åmli og Gjøvdal er godkjend av biskopen. Det var avskjedsgudsteneste for sokneprest Ragnhild Røstvik i mars i Åmli kyrkje. Ny sokneprest er Jens Linde som tar til i stillinga i januar 2019. Christopher Woie sluttar som vikarprest. I Gjøvdal hadde vi i oktober ei markering av det, vi har sett stor pris på arbeidet hans. Ofringane går meir til lokale tiltak, dvs. at vi gir t.d. til søndagsskulen,

Nokre av møta i soknerådet har vore felles med soknerådet i Åmli, det har vore praktisk når sakene har vore felles for begge sokneråda.

Givarteneste har blitt drøfta, økonomien er ikkje så god som ein kunne ønske.

Diakoni: Aust-Nedenes prosti har prostidiakon i 50% stilling med kontor i Tvedestrand. Det var eit 3-årig prosjekt fram til og med 2016. Prosjektet heldt fram til august 2018. Sokneråda betaler etter folketal. Men nå er det slutt på tilskot frå Opplysningsvesenets fond etter at prosjektperioden var slutt. Kostnadene vil stige, og økonomien er eit vanskeleg spørsmål. Sokneråda har ikkje økonomi til å løne ein diakon. Det er tilsett ny prostidiakon etter at Per Emanuelsen blei pensjonist. Ny prostidiakon er Svein Schøgren. Åmli og Gjøvdal sokneråd skal ha eit felles diakoniutval.

Soknerådet held fram med å gi gåver/helsing til eldre til jul, samt blomster til dei som fyller 80 år, 85 år osv. Soknerådet har dette som ein del av diakonitenesta.

Misjonsprosjekt: Soknerådet støtta Normisjons prosjekt med eit sjukehus i Okhaldhunga, Nepal fram til 2016. Her har vi forlenga perioden med støtte til Okhaldhunga fram til og med 2018. Ei ofring pr år går til prosjektet. Dette gjer vi saman med Åmli, som tidlegare.

Verneplanen: Vi minner om at bilde av verna gravminne ligg på Åmli kyrkje sine nettsider. Soknerådet prøver å gjere litt vedlikehald på verna gravminne utan festar.

Gudstenester og trusopplæring (gjennom aktivitetar knytt til gudstenesta) i 2018

NB! Oversikten over gudstenestene følgjer kalenderåret.

Trusopplæringsplanen blir brukt som innslag i nokre gudstenester. Det vil ein halde fram med.

Til orientering: Opplegget Tripp Trapp blei avslutta i 2017. Ny ordning frå 2018: Barn fødte i 2017 og framover, døypte i Gjøvdal, kan få opplegget fram til dei er tre år, viss foreldra ønsker det. Dei må vere busett i kommunen.

Vi har som oftast kyrkjekaffi i samband med gudstenester. Er det konfirmantar, er dei med i gudstenesta som minestrantar. Dei får og ansvar for kyrkjekaffien i nokre gudstenester.

Gudsteneste i januar m/nattverd, songgudsteneste

Gudsteneste i februar med nattverd, bygdegudsteneste

Gudsteneste i mars med nattverd

Gudsteneste på Vindilhytta i påska (skjærtorsdag)

Høgtidsgudsteneste m/nattverd 2.påskedag, soknemøte

Gudsteneste i mai, ingen konfirmantar

Gudsteneste i juni, sommargudsteneste

Gudsteneste i august med nattverd

Hausttakkefest i september, med 4H, konfirmantpresentasjon, utdeling av Mi kyrkjebok

Gudsteneste med gullkonfirmantane i oktober saman med Åmli

Gudsteneste med nattverd i oktober

Minnegudsteneste saman med Åmli i november

Gudsteneste med nattverd i november

Lysmesse i desember, med konfirmantane

Høgtidsgudsteneste 1.juledag

Takk til tilsette på kyrkjekontoret for arbeidet de gjer. Takk til dei som står for arbeidet med Kyrkjelydsbladet, og til dei som deler ut bladet.

Gjøvdal, 20.01.2019

Ellinor Oland

leiar i Gjøvdal sokneråd

Langfredag i Tovdal kyrkje

I år igjen blir det country/gospel konsert i Tovdal kyrkje kl.14 og 16.

Kallevigs orkester bestående av piano, gitar, banjo/mandolin, bass, fele og solister

Det er 12. året vi har konsert her langfredag og de siste åra dobbeltkonsert for at alle skal få plass. Det blir alltid fin stemning og mange av de samme kommer hvert år.

I tillegg er det mange som kombinerer med en tur på Hillestad galleri med utstilling og elgsuppe.



Tre bærebjelker i en menighet kan være:

FrivillighetsTJENESTE - ForbønnsTJENESTE - GiverTJENESTE.

Alle ønsker det beste for sine barn og barnebarn, at de skal bli sett, inkludert og få gode venner. Både barn og voksne trenger gode og trygge fellesskap.

VIL DU BLI MED I GIVERTJENESTEN SLIK AT VI FORTSATT KAN GJØRE DETTE MULIG?

I bygda vår drives det allerede mye godt frivillig arbeid for barn, blant annet søndagsskole og Dølemoklubben.

Det drives også et godt ungdomsarbeid på Menighetssenteret, med voksne som gjør en stor innsats hver eneste uke. Fra 2017 ble noe av konfirmantundervisningen invitert hit. På onsdagsettermiddagene kan ungdommene få varm mat, høre andakt og ha sosialt fellesskap. Her treffer de også trygge voksne. Vi er opptatt av å skape et godt og inkluderende miljø, der barn og unge kan komme som de er, uavhengig av religiøs tilknytning eller bakgrunn. Dette vil vi støtte økonomisk.

Fellesskapsarbeid/diakoniarbeid handler om å være til stede for andre på en god måte. Vi deler ut blomster til eldre jublanter, og går på besøk.

Prostidiakonen vår er en viktig samtalepartner for både unge og eldre som trenger noen som har tid til å lytte, og noen som kan gi oppmuntring og støtte i en vanskelig livssituasjon.

**VED Å FYLLE UT SLIPPEN NEDERST PÅ DENNE
SIDEN, BLIR DU EN VIKTIG ØKONOMISK
STØTTESPILLER.**

Alle gaver gir rett til skattefradrag. Hver av oss kan trekke fra inntil 50.000 kr pr år. Givertjenesten ordner dette for deg, men da må du oppgi hele fødselsnummeret ditt. Alle opplysninger blir behandlet konfidensielt.

Avtal gjerne med banken din om et fast trekk i måneden. Eller om du ønsker giro, eller har spørsmål angående dette, ta kontakt med kirkeverge Liv Eikås-Homme, tlf. 94 16 30 84.

Velg beløp pr måned ved å sette kryss:

200 kr **100 kr** **Annet beløp** _____

Navn:

Adresse (og evt. e-mail):

Fødselsnummer (11 siffer): _____

Givertjenestens kontonummer: 2801.51.87575

HJERTELOG TAKK FOR GAVEN DIN!

Åmli sokn

Kyrkjevalet

9. sep. 2019

Sett ditt preg på kyrkja di

Det er kyrkjeval (8. og) 9. september 2019. Kanskje du skal stille til val?

Du er invitert til å vere med på å skape kyrkja i framtida!

I kyrkja skal det vere rom for alle. Eit stort rom. Høgt til taket. Sterkt fundament. Nye impulsar. Gode tradisjonar. Ulike meiningar. Ulike vegar til tru. Kyrkja byggjer fellesskap der du bur. Vêr med å ta ansvar for fellesskapen og for kyrkja di!

Meir enn du trur

I Den norske kyrkja er det rom for mange meiningar, og det er rom for ulike vegar til tru. I trusfellesskapen er det rom for den trua du har og kanskje for meir enn du trur.

Gudstenester, omsut for utsette menneske, dåp og trusopplæring, konfirmasjon og ungdomsarbeid, kyrkjemusikk og aktivitetar for barn, viser eit mangfald av tilbod - og behov for eit mangfald av engasjerte menneske.

Kyrkja er til stades overalt i Noreg, og vil vere til stades i dagleglivet til menneske - og ved hendingane gjennom livet. Korleis vil du at kyrkja skal vere? Du har høve til å påverke ved kyrkjevalet.

Ta ansvar for kyrkja di

Du trengst til den viktigaste oppgåva i dagens Noreg: Å skape sterkare fellesskap i bygd og by.

I møta med folk i nabolaget ditt kan du bety noko med haldningane dine og det du gjer.

To val

Ved kyrkjevalet kan du stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømerådet/Kyrkjemøtet.

Soknerådet leier verksemda til kyrkjelyden der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innverknad på dei lokale oppgåvene og utfordringane i kyrkja di, og du kan sjølv fremje saker du trur på. Arbeidet til soknerådet og bispedømmerådet spenner over mange tema – m.a. barne- og ungdomsarbeid, miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, og dessutan jus og økonomiforvaltning! I kvart av dei elleve bispedøma er det eit bispedømeråd. Bispedømerådet tilset prestar og enkelte andre tilsette i kyrkja.

Medlemmane av bispedømerådet er òg medlemmar av Kyrkjemøtet, det øvste organet i Den norske kyrkja.

Begge råda møtest 2-5 gonger i halvåret. Medlemmane vert valde for fire år.

Mangfald og fellesskap

Medlemmane i sokneråda og bispedømmeråda har ulik utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er òg aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.

Kyrkja skal vere ein fellesskap der mangfald er med på å gjera fellesskapen rikare.

Uansett bakgrunn er engasjementet ditt ein styrke for kyrkja og kyrkjelyden der du bur.

Ti gode grunner til å være med i soknerådet:

1. Du bidrar til å holde lokalkyrkja levande
2. Du blir del av eit kristent fellesskap
3. Du gjer ein viktig jobb for fellesskapet
4. Du kan sørge for eit trygt og godt fritidstilbod for barn og unge

5. Du får innblikk i og påverkar dei demokratiske prosessane i kyrkja
6. Du får eit nytt nettverk i lokalmiljøet ditt
7. Du kan sørge for at di kyrkje er ei open og inkluderande kyrkje
8. Du pregar aktivitetstilbodet i nærmiljøet ditt
9. Du får nyttig styreerfaring som du kan bruke i andre samanhengar
10. Du kan oppdage nye sider ved deg sjølv

Kva gjer soknerådet?

Soknerådet leder soknets verksemd der du bur. Som medlem i soknerådet kan du ha stor innflytelse på dei lokale oppgåvene og utfordringane i di kyrkje. Soknets arbeid spenner over mange tema – bl.a. miljø og rettferd, gudsteneste, musikk, misjon, barne- og ungdomsarbeid, samt jus og økonomiforvaltning.

Her er nokre eksempel på soknerådets ansvarsområde:

- Trusopplæring blant døpte mellom 0 og 18 år
- Diakonalt arbeid (kyrkjas omsorgsteneste)
- Gudstenester
- Kyrkjemusikk
- Ofringer
- Utleige av kyrkja
- Uttalerett ved ansettelser av prest, prost og biskop
- Samarbeid med frivillige
- Langsiktig planlegging av soknets arbeid

Soknerådet har representanter i kyrkjeleg fellesråd. Kyrkjeleg fellesråd tar seg av administrative og økonomiske oppgåver vegne av sokna. Soknerådet har 4–10 medlemmar.

Ei undersøking blant soknerådsmedlemmer viste at eit stort fleirtal trivest og opplever det som meiningsfylt å være med i soknerådet. 85 prosent synes vervet er meir eller like tilfredsstillande som dei hadde forventa.

Er dette noko for deg, ta kontakt med kyrkjekontoret, evt. leiar av Åmli sokneråd; Kari Hagelia Olstad.

Kyrkja di, valet ditt!

Gjøvdal sokn og Åmli sokn blir eitt sokn

Sokneråda har bestemt at dei skal slåast saman etter valet hausten 2019, og Åmli vert difor ein eittsokns-kommune!

Årsaka er m.a. lågt medlemstal i Gjøvdal, og av den grunn er det vanskeleg å stille eiga kandidatliste til valet.

Gjøvdal sokneråd har gjort ein god jobb, og stått på for å ha eige sokneråd i Gjøvdal, men no er tida inne for å tenke nytt!

Ved å slå seg saman, kan ein bruke kreftene på meir samarbeid i eit felles sokn. Det vil framleis verte halde både gudstenester og andre tenester i Gjøvdal kyrkje. Namnet på det nye soknet vert Åmli sokn.

Val av sokneråd i Åmli sokn – nominasjon av kandidatar

Nominasjon av kandidatar til soknerådsvalet skjer i tida fram til 30. april 2019.

Framlegg på kandidatar til soknerådet kan meldast til Åmli sokneråd v/Kari Hagelia Olstad tlf: 41643435 eller Kyrkjekontoret innan 23. april 2019.

For å kunne veljast må ein vere medlem av Den norske kyrkja, bu i soknet og seinast i 2019 fülle 18 år.

Det er høve til å levere inn listeforslag innan fristen 30. april 2019 kl. 12.00.

Framlegg til valliste skal vere underskriven av 10 medlemmer med stemmerett.

Ein av underskrivarane skal førast opp som kontaktperson/tillitsvald. Kandidatar skal vere oppført med fornamn, eventuelt mellomnamn, etternamn og fødselsår, samt eventuet bustad og stilling.

Listeforslaget skal ordnast i prioritert rekkefølge.

Listeforslaget bør ha minst 40 % representasjon av kvart kjønn, og minst 20 % representasjon av ungdom under 30 år.

Kyrkjevalet finn stad (8.-) 9. september 2019, med førehandsstemming frå 10. august. Val på leke medlemmer av bispedømmerådet finn stad samstundes med soknerådsvalet.

Ofringar gitt av kyrkjelyden i Åmli og Tovdal i 2018

Totalt innsamla beløp ved offer/ kollekt i kyrkjene	kr. 62 553,-
Av total beløpet gikk følgjande til eigen verksemd :	
Kyrkjelyden inkl. besøkstjenesten og trusopplæring: 7 ofringar	13 707
Kyrkjemusikalsk arbeid lokalt (fellesråd v/organist): 3 ofringar	6 298
Diakoni, Løn prostidiakonen: 5 ofringar	7 468
Stønad til andre:	
Tv – aksjonen	3 100
Kirkens Nødhjelp (Julaften)	7 700
Det Norske misjonsselskap (2.juledag)	1 400
Norsk Gideon (Bibelgudsteneste for 8. Klasse)	1 400
Norsk Luthersk Misjonssamband (Pinsedagen Åmli)	2 650
Skolelaget i Åmli	1550
Søndagsskulen lokalt (Åmli søndagsskule)	3 650
Søndagsskolen, Aust Agder	1 680
Normisjon Åmli, Menighetssenteret	1 750
Kyrkjelydens 1. misjonsprosjekt, Helse Nepal, Okhaldhunga	2 000
Normisjons prosjekt i Senegal v/ fam. Øy/Aamlie	2 250
Harriets Children Home, Tanzania	4 500
Kirkens Bymisjon, Arendal	1 450
I tillegg nytta nokre få seg av vipps slik at det elektronisk vart registrert frå 50 kr til nokre hundrelappar på nokre av prosjekta.	
Andre innsamla middel:	
Fasteaksjonen til Kirkens nødhjelp med konfirmantane gav	kr 13 303

Totalt innsamla beløp ved offer/ kollekt i Gjøvdal kyrkje: kr.11 982

Til Diakonisarbeide og kyrkjelydens arbeid vart det samla inn	kr. 4473,-
IKO	kr. 450,-
Kyrkjelydens misjonsprosjekt, helse Nepal i Okhaldhunga	kr. 1271,-
Skulelaget i Åmli	kr. 926,-
Søndagsskulen i Åmli	kr. 1480,-
Trusopplæringsarbeidet i soknet, bokgåver	kr. 600,-
Redd Barna	kr. 990,-
Det Norske Misjonsselskap	kr. 640,-
Kyrkjemusikalsk arbeid	kr. 1152,-
I høve Fasteaksjonen vart det i Gjøvdal samla inn	kr. 3863,-

Vi ynskjer og å rette ei stor takk til alle dykk som er med på å få kyrkjelydsbladet ut til alle heimane i kommunen. Det er avgjerande for at alle skal få bladet i rett tid. Tusen takk alle saman.

GÅVER TIL KYRKJELYDSBLADET 2018

Solveig og Kjell Nylund, Astrid og Einar Austenå, Eldbjørg Breivik Smeland, Per Tore Tviland, Tormod Skjeggedal, Åshild og Halvor Flottorp, Olav Riisland, Knut T. Askland, Irmgard Standal, Morgan Olsen, Anne Tomine Knudsen, Gunhild Bjørnbakk, Olga Marie Breivik, Turid Øy, Kari Gerd Riisland, Kjersti og Andreas Hansen, Øyvind Kopperud, Ragnhild og Olav dy Ramse, Bjarne Vehus, Anna Lyngstad, Kari Hagelia Olstad, Else Synnøve Espebu, Øyvind Kopperud, Eldrid Øy, Åsta og Olav Skarmyr, Tormod Askland, Marie Engestøl, Kåre Ufsvatn, Kari Monen Karlsen, Astrid Hansen, Signe Nylund, Rune Nylund, Angrim Flaten, Gjertrud Rislå Halvorsen, Gerd Wessel-Hansen Tangen, Bergit Gjermones, Inger Oland, Aslaug Sigrun Berli, Anne Søyland, Turid Ellinor Haugstøyl, Anne Oddveig Andersen, Helga Oland, Berit og Otto Storbrua, Olav Kristian Kleivene, Kari og Kjell Hauge, Olaf Baasland, Anna Gunhilde Dukane, Arne Kjell Raustøl, Torhild og Knut Solvang, Astrid Gerd og Odd Inge Baasland, Signe Lauvland, Jon Torgeir Lunden, Tellef Olstad, Aslak Eppeland, Sigrid og Torstein Håkedal, Ragnhild Kyrдалen, Olav T. Åsheim, Anne Marie Vindholmen, Halvor Nylund, Sigrid Agna Oland, Thor Kåre Kalvik, Kristian Jørgensen, Lars Øistein Gangsei, Klara- Gunn Katerås Fløystad, Harald Solås, Torgrim Syrtveit, Signe Alise og Øivind Olstad, Sverre Johan Kløvfjell, Ole Moe Hægestøyl, John Baasland, Gunvor Vaule, Kjell Nylund, John Sveinungsen, Signe Mjåland, Åse Elisabeth Jansen, Arne Smeland, Nils Jørundland, Gudmund Gauslaa, Bjørg Sigrun Baas, Ragnhild og Olav dy Ramse, Erna Eriksen, Torunn og Reidar Arnfinn Ødegård, Magne Olsen, Ellinor og Olav Oland, Åsta og Olav Skarmyr, Jon Støren, Anne Sigrun og Olav Heia, Liv Ann Skjeggedal, Olaf S. Moe, Gerd og Frank Olsen, Hallvard Harstveit, Per Tore Tviland, Jenny Raudåna, Astrid og Jens Magne Føreland, Turid Øy, Elling Riisland, Borghild Ramse Berg, Vidar Haugli, Åsta Synnøve H. Mattingsdal, Øyvind Kopperud, Laila Steinsland, Gerd Aaland, Jonny Nævisdal, Alfild Gausen, Laila Haugli, Sveinung Seljås, Ganija Ademi, Anna Lyngstad, Jon Arild Vindholmen, Ingeborg Bruun, Thordis Kristine Skarmyr, Gunvald Engenes og Ottar Gjermundnes.

ELEKTRONISK MELDING

Vi har tatt i bruk [elektronisk](#) melding til dåp, vigsel og konfirmasjon.

Ved å nytte denne vil du kunne sjå dei sundagane det er dåp og sjølv registrere dei aktuelle opplysningane. Du vil så bli kontakta av kyrkjekontoret. Ved ønskje om vigsel kan du leggje inn ønska dato og kyrkje.

Konfirmasjonspåmelding vil vere tilgjengeleg i annonserte periodar.

Sjå www.amli.kirken.no

Gudstenester i august og september

AUGUST

11.08 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Gudsteneste. Offer: Diakonisamarbeidet

18.08 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje

Gudsteneste.

Offer: Sundagskulen i Åmli

SEPTEMBER

01.09 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Sundagskulens dag. 4. og 6. års bok delast ut. Offer: Sundagskulen i Åmli

15.09 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Haustattakkefest. Bokgåve til 9- og 10-åringane. Konfirmantar presenterast.

Offer: Trusopplæringsarbeidet

22.09 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje

Haustattakkefest. Bokgåver og presentasjon av ev. konfirmantar.

Offer: Redd Barna

25.09 kl. 11.00: ÅPOS

Gudsteneste

30.09 kl. 16.00 : Tovdal kyrkje

Familiegudsteneste. Bokgåver og presentasjon av ev. konfirmantar.

Offer: Trusopplæringsarbeidet

Konfirmantar våren 2019

Åmli kyrkje 19.05.19:

Isak Aaland

Daniel Berge

Olav Andreas Neset

Magnus Storbrua Vehus

Luna Electra Berge

Amine Kristine

Bruflo dt-Helgeland

Ingrid Karstensdatter Halvorsen

Maja Tangen

Gjøvdal kyrkje 12.05.19 :

Eyvind Lundtveit Askland

Stine Lill Lundtveit Askland

Anja Rønning Smeland

Tovdal kyrkje 26.05.19 :

Niklas Fontain

Simen Johnsen

Magne Olstad



DØYPTE

Åmli kyrkje :

- 18.11.18 – Birgit Margaret
Montecillo Baas
27.01.19 – Live Tande
Ole Gunnar Finsrud
Skoge
10.02.19 – Amalie Myren Olstad
(døpt i Lesjaskog kirke)
24.03.19 – Tyra Felle Hansen



DØDE

Avlidne som ikkje blir gravlagde frå nokon av kyrkjene i Åmli, får vi ikkje lenger melding om, sjølv om dei er busette i kommunen når dei går bort.

Åmli kyrkje :

- Olga Maria Breivik
f.1927 – d. 02.11.18
(Gravferd frå Fana kyrkje)

Gudrun Kristine Retterholt
f.1927 – d. 31.12.18

Augund Homme
f.1944 – d. 03.01.19

Anders Kornelius Andreassen
f.1936 – d. 14.02.19

Ingrid Jørundland Brekke
f.1937 – d. 23.02.19

Inger Synnøve Espeland
f.1944 – d. 21.02.19

Toralv Sandnes
f.1932 – d.16.03.19



VIGDE

Åmli kyrkje :

- 05.01.19 – Charlotte Eines og
Chris Hushovd

Kyrkjelydsblad for Åmli, Gjøvdal og Tovdal

Utgjevar: Åmli sokneråd og Gjøvdal sokneråd

Bladstyre:

Jens Linde, Kari Gerd Riisland og Halvard Skårdal

Bladet blir sendt gratis til alle heimar i Åmli kommune.

Trykk: Åmli kyrkjekontor

Gåve til Kyrkjelydsbladet: Konto 2821.40.07314



Gudstenestelista:

VÅR/ SOMMAR -2019

APRIL

PÅSKA 2019

PALMESUNDAG, 14.04

kl. 11.00: Åmli kyrkje

Påskevandring m/ Normisjon,
Sundagsskulen og kyrkjelyden

SKJÆRTORS DAG, 18.04

kl. 12.00: Vindilhytta

Gudsteneste

kl. 19.00: Åmli kyrkje

Nattverdsgudsteneste

LANGFREDAG, 19.04

kl. 11.00: Åmli kyrkje

Pasjonsgudsteneste

m/ Normisjon

kl. 14.00: Tovdal kyrkje

Country/ Gospel konsert

kl. 16.00: Tovdal kyrkje

Country/ Gospel konsert

Konsertar: Inngang kr. 70,-

PÅSKEDAG 21.04

kl. 11.00: Åmli kyrkje

Høgtidsgudsteneste

Offer: Diakonisarbeidet

ANDRE PÅSKEDAG, 22.04

kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje

Høgtidsgudsteneste

Offer: Trusopplæringsarbeidet

28.04 kl. 16.00: Åmli kyrkje

Konfirmantanes prosjektgudsteneste

Konfirmant- og foreldrefest på

Menighetssenteret etter gudstenesta.

Offer: Kyrkjemusikalsk arbeid.

MAI

12.05 kl. 11.00: Gjøvdal kyrkje

Konfirmasjonsgudstjeneste

Offer: Kyrkjelyden

17.05 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Grunnlovsdag Festgudsteneste

Offer: Kyrkjelyden

19.05 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Konfirmasjonsgudstjeneste

Offer: Kyrkjelyden

26.05 kl. 11.00: Tovdal kyrkje

Konfirmasjonsgudstjeneste

Offer: Kyrkjelyden

30.05 kl. 12.00: Hovdefjell

Fellesgudsteneste m/Vegårshei.

Kristi himmelfartsdag, v/Gunnar

Lindtveit.

JUNI

02.06 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Gudsteneste m/ Barnas misjonsdag.

Offer: Helse Nepal

09.06 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Pinsedagsgudsteneste Leif Holthe

frå NLM taler. Offer: NLM

10.06 kl. 11.00: Gjøvdal krk.

2. Pinsedag. Sommargudsteneste

Offer: Skulelaget

19.06 kl. 11.00: ÅPOS

Gudsteneste

23.06 kl. 11.00: Åmli –

Badeplassen, Engenes

Grillgudsteneste

Bokgåve til 8-åringane

Utrygt for regn: I kyrkja

JULI

07.07 kl. 11.00: Åmli kyrkje

Gudsteneste. Offer: Skolelaget

29.07 kl. 17.00: Åmli –

gamle kyrkjetomta

Olsokgudsteneste

Utrygt for regn: I kyrkja

SALMESTAFETTEN

Takk for stafettpinnen, Bente!

Da Frelsesarméen gav ut en jule-cd i 2000, ble gamle salmer ikledd ny drakt. Brått var kristen musikk oppe på hit-listene! Cd-en som mamma hadde kjøpt til seg selv ble stadig vekk funnet i min bil, og til min glede gav ho til slutt opp å leite etter den. Kjente artister la sitt særegne preg på velkjente salmer, og tekstene kom frem på en ny måte. Der var én sang som skilte seg ut for meg. "Barnetro". Sangen er opprinnelig svensk, skrevet i 1929, og fremført av Bel Canto på denne cd-en.

Det er få forunt å være like sterke i troen hele sitt liv, men jeg håper at den grunnleggende barnetroen er nok når det kommer til stykket. Denne sangen har betydd mye for meg. I en verden der vi møter fristelset og gjør feiltrinn daglig, er det godt å høre ordene; "Barnetro, til himmelen du er en gylden bro".

Jeg sender stafettpinnen videre til Monika Andersen.

Hilsen Silje Flåstøyl

Har du glemt din barnetro i fra hjemmets lune bo
Kan du bede nu som før du alltid bad:
"Gud som har oss småbarn kjær, se til meg som liten er."
Da din mor vil føle seg fornøyd og glad.

Refr: Barnetro, barnetro, til himmelen du er en gylden bro,
Barnetro, barnetro, til himmelen du er en gylden bro.

Har du vandret vidt omkring rundt om hele jordens ring
Og i fjerne land forsøkt å lykkes nå.
Du har grått så mang en gang når du lyttet til en sang
Som du husket i fra hjemmets lune vrå.

Lik en seiler som når havn var du trygg i moders favn
Da hun klappet deg, og sang om himlens land.
Hennes stemme var så varm da du lå i hennes arm
Hun din fremtid la så trygt i englers hånd.

Du blir lykkelig som før om du åpner hjertes dør,
Barnetidens lykke blir da atter din.
I fra høye himlers kor lyder jubel ned mot jord
Når du ber din bønn med trygghet i ditt sinn.